

---

**Fra:** Martin Tveitnes <[martin@byggadmin.no](mailto:martin@byggadmin.no)>  
**Sendt:** torsdag 14. juni 2018 08:21  
**Til:** Øystein Havsgård  
**Kopi:** Helle H. Bruland  
**Emne:** VS: Vedr. reguleringsplan og FV 123 i Fusa.

Til informasjon.

Vh Martin.

---

**Fra:** Andreassen Geir Sverre <[geir.andreassen@vegvesen.no](mailto:geir.andreassen@vegvesen.no)>  
**Sendt:** tirsdag 12. juni 2018 09.01  
**Til:** Martin Tveitnes <[martin@byggadmin.no](mailto:martin@byggadmin.no)>  
**Kopi:** Eikeland Bjørn Skorpa <[bjorn.skorpa.eikeland@vegvesen.no](mailto:bjorn.skorpa.eikeland@vegvesen.no)>  
**Emne:** SV: Vedr. reguleringsplan og FV 123 i Fusa.

Hei igjen Martin!

Me hadde saka oppe til drøfting i trafikk teknikk gruppa i går.

De kan leggja til grunn i det vidare arbeidet med ny reguleringsplan for dette området – fartsgrense 60 km/t og forkøyrregulert veg.

Grunngeving er at det i dei nye fartsgrensekriteria vil fartsgrense 50 km/t nyttast i tettbygd strok, mens 60 km/t vil verta nytta i randsone busetnad (svært forenkla forklaring).

Fylkeskommunen har vedtak om at all fylkesveg skal forkøyrregulerast, dette vert gjort etter prioritet(Er starta i Bergen).

Søknad om å endra fartsgrense og/eller forkøyrregulering av veg rettast til: [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Med helsing  
Geir Sverre Andreassen

**Seksjon:** Plan- og forvaltningsseksjon Voss og Hardanger  
**Postadresse:** Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER  
**Kontoradresse:** Eittheimsvegen 160, ODDA  
**Telefon:** +47 53650156 **Mobil:** +47 90202693 **e-post/Skype:** [geir.andreassen@vegvesen.no](mailto:geir.andreassen@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

---

**Fra:** Martin Tveitnes [<mailto:martin@byggadmin.no>]  
**Sendt:** 12. juni 2018 08:32  
**Til:** Andreassen Geir Sverre <[geir.andreassen@vegvesen.no](mailto:geir.andreassen@vegvesen.no)>  
**Emne:** SV: Vedr. reguleringsplan og FV 123 i Fusa.


Hei Geir.

Takk for informasjon på fredag.  
Fekk du noken avklaring i møtet i går?

Mvh Martin Tveitnes  
E-mail: [martin@byggadmin.no](mailto:martin@byggadmin.no)  
Mob.: 95 90 28 38



Tlf.: 56 58 11 30  
E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)



---

**Fra:** Martin Tveitnes  
**Sendt:** mandag 4. juni 2018 14.14  
**Til:** [geir.andreassen@vegvesen.no](mailto:geir.andreassen@vegvesen.no)  
**Kopi:** [kari.kinden@vegvesen.no](mailto:kari.kinden@vegvesen.no); [oystein.havsgard@fusa.kommune.no](mailto:oystein.havsgard@fusa.kommune.no)  
**Emne:** Vedr. reguleringsplan og FV 123 i Fusa.

Hei.

Eg har vore i kontakt med Bjørn Skorpa Eikeland og blei videresendt då han var usikker på korleis me skulle gå fram vidare. Eg har prøvdå ringe deg. Sender ein e-post med informasjon så kan dåke få sjå litt på det før me snakkast.

Info:

Ang arbeid med reguleringsplan i Fusa kommune gnr 48 bnr 1 m fl. Holdhus.  
Planen vart varsla oppstart i 2009 og SVV sitt referansenr. er 2009/232602-002

I arbeidet med reguleringsplanen så ser konsulent og Fusa kommune at gjeldande status på FV123 gjev store utfordringar med tanke på løysingar med fortau og stoppsikt.

Intensjonen med planen er mellom anna å regulere fortau langs Fv123 frå skulen på Holdhus og ned til kryss til kommunal veg Hammerslandsvegen. Dette er eit strekk på om lag 430 meter langs FV123.


I dag ligg FV123 uregulert. Det er 80km/t som er gjeldande fartsgrense.

På det aktuelle vegstrekket er det ikkje råd å køyre normalt noko over 50 km/t. Det er til dels smal vegbane, mange kurver, fleire avkøyringer og 2 kryss til kommunale vegar. Me ynskjer derfor å legge til grunn at fartsgrensa i planområdet blir satt til 50 km/t.

På første kryss etter 250 meter er det dårlege siktforhold når ein kjem frå Øvre Hålandsdal og har vikeplikt for dei som kjem ut av kommunal veg KV1203. Det er eit betydeleg høgbrekk mellom desse vegane i krysset.

Spesielt dette krysset gjer at me ynskjer at FV123 skal forkjøreregulerast.

Videre i planarbeidet ynskjer me altså å legge til grunn at FV123 gjennom planområdet kan sjåast på som ein forkjørslagulegert Sa2 veg. Jf. trafikkdata har vegen ein maks ÅDT på 430. Som de skriv i svar på oppstart så er det viktig at me har dialog no før me kjem ut med eit planforlag slik at det kan bli eit forslag de kan akseptere. Ber derfor om uttale på korleis me skal gå vidare.



Mvh Martin Tveitnes  
E-mail: [martin@byggadmin.no](mailto:martin@byggadmin.no)  
Mob.: 95 90 28 38

Tlf.: 56 58 11 30

E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)



Før du skriver ut, tenk på miljøet